

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

EIGARSKAPSKONTROLL

SYKKYLVEN KOMMUNE

Eigarskapskontroll 2023

november 2023

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeforetak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA ligg på heimesida vår: www.mrrevisjon.no

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne eigarskapskontrollen etter bestilling frå Kontrollutvalet i Sykkylven kommune.

Kontrollen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (NKRF) sin standard for eigarskapskontroll RSK 002.

Rapporten er ei oppsummering av resultatane frå Møre og Romsdal Revisjons SA si undersøking om eigarskapskontroll i Sykkylven kommune. Eigarskapskontrollen er utført av Einar Andersen og Kurt Anders Løvoll i september og oktober 2023.

Sykkylven kommune si eigarskapsmelding ble vedteke i mars 2023. Kommunen hadde tidlegare ein eigarskapsmelding frå 2013. Denne var lite brukt dei siste åra.

Vi ønskjer å takke alle som har bidrege til denne eigarskapskontrollen.

Ålesund, 16.11.2023

Kurt A. Løvoll

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Einar Andersen

Forvaltningsrevisor

INNHALD

1	INNLEIING.....	1
1.1	Bakgrunn og bestilling.....	1
1.2	Problemstilling.....	1
1.3	Vurderingskriterium	2
1.4	Eigarskapsmelding.....	2
1.5	KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll.....	5
1.6	Selskap som eigarskapskontrollen særleg er retta mot.....	6
1.7	Metode	8
2	SYKKYLVEN KOMMUNE – GENERELT OM UTØVING AV EIGARSKAP	9
2.1	Vurderingskriterium	9
2.2	Funn.....	9
2.3	Vurdering og konklusjon	21
3	SYKKYLVEN KOMMUNE – EIGARSKAP I EIT UTVAL SELSKAP.....	22
3.1	Vurderingskriterium	22
3.2	Funn.....	22
3.3	Vurdering og konklusjon	29
4	SAMLA VURDERING OG KONKLUSJON	30
5	HØYRING	32
	REFERANSELISTE.....	33
	VEDLEGG 1: POST OG ARKIV – SAKER OM EIGARSTYRING 2020-2023	34
	VEDLEGG 2: KOMMUNESTYRET – SAKER OM EIGARSTYRING 2019-2023.....	35
	VEDLEGG 3: VEDTEKTER FOR AKSJESELSKAP SOM KOMMUNEN EIG.....	38
	VEDLEGG 4: KRITERIUM FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023	39

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

Kontrollutvalet har etter kommunelova ansvar for å kontrollere om dei som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring, jf. kommunelova 23-4 og § 23-2, d. Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

I møte 4.5.2023 i sak 12/2023 bestilte Kontrollutvalet i Sykkylven kommune ein skisse til prosjektplan for eigarskapskontroll. Skisse, og ein etterfølgjande plan, blei utarbeid av Møre og Romsdal Revisjon SA, og drøfta av utvalet i møte 8.6. og 7.9.2023. Utvalet vedtok å gjennomføre ein eigarskapskontroll.

«Kontrollutvalet ber om at det vert sett i gang ei eigarskapskontroll i tråd med framlagt prosjektskisse og på bakgrunn av drøftinga i møtet.

Kontrollutvalet ber sekretariatet om å halde seg oppdatert på status og følgje opp framdrift. Rapport frå eigarskapskontrollen skal vere ferdigstilt innan utgangen av 2023 og leggast fram for det nye kontrollutvalet på deira første møte i 2024».

Formålet med prosjektet er å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap blir utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Vi ser på korleis eigarstyringa er forankra og korleis rutinane for oppfølging av eigarskap er. Prosjektet er delt i to delar. Ein generell del, og ein del der ein ser nærare på eit utval selskap.

1.2 PROBLEMSTILLING

Kontrollutvalet har valt to problemstillingar som skal svarast ut i rapporten.

I den første problemstillinga ser vi på om Sykkylven kommune har ei eigarskapsmelding som inneheld dei krav som ligg i kommunelova og dei anbefalingane som KS har gitt om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

Den andre problemstillinga tar utgangspunkt i kommunen sin nyleg vedteke eigarstrategi, og ser nærare på korleis kommunen legg til rette for god styring, leiing og kontroll med sine selskap.

Problemstilling 1: Har Sykkylven kommune ei eigarskapsmelding som inneheld dei krav som ligg i kommunelova og dei anbefalingane som KS har gitt om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll?

Problemstilling 2: Utøver Sykkylven kommune sine eigarskap i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS i tråd med kommunestyrets vedtak og etablerte normer for god eigarstyring?

1.3 VURDERINGSKRITERIUM

Kriterium er krav eller forventningar som vi vurderer våre funn i undersøkinga opp mot. Kriteria skal være grunngitt i, eller utleia frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som for eksempel lover, forskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

Vurderingskriteria er utleia frå følgjande kjelder:

- Lov av 22.06.2018 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- Lov av 10.02.1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)
- Sykkylven kommune, eigarskapsmelding, 2023
- KS, Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll, 2020

Det går fram meir om kriteria under kvar problemstilling i kapittel 2.1 og 3.1.

1.4 EIGARSKAPSMELDING

Kommunelova har i § 26-1 fråsegn om at kommunar minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigestyling
- Oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen eig eller har eigarinteresser i
- Kommunen sitt formål med selskap dei eig eller har eigarinteresser i

Eigarskapsmelding 2013

Sykkylven kommune hadde tidlegare ei eigarskapsmelding som blei vedteken i 2013. Kommunen hadde ikkje tidlegare utarbeidd ein slik melding.

Vi har motteke informasjon om at meldinga frå 2013 i liten grad var i bruk dei siste åra. Det var vist til dokumentet då kommunen starta arbeidet med ny melding hausten 2022.

Eigarskapsmelding 2023

Sykkylven kommune har ei eigarskapsmelding, som er vedteken av kommunestyret 27.3.2023 i sak 17/2023. Vedtaket lyd:

1. Sykkylven kommunestyre vedtek Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune slik den ligg føre
2. Selskapa som kommunen har majoritetseigarskap i må vurdere om vedtektene deira må endrast/ justerast med bakgrunn i prinsippa og strategiane som vert vedtatt av eigar

Kommunen opplyser at større selskap var involvert i arbeidet med eigarskapsmeldinga. Det vart mellom anna gjennomført eit dialogmøte med formannskapet, og det var møte mellom administrasjonen og det enkelte selskapet for å få innspel. Administrasjonen sitt endelege utkast vart sendt på høyring.

Eigarskapsmeldinga skal rullerast innan utgangen av 2024.

Eigarskapsmeldinga er tredelt:

- Del 1 er ein generell del: Overordna eigarskapspolitikk. Overordna eigarskapspolitikk og prinsipp for eigarstyring, overordna mål og forventningar.
- Del 2 er ein spesiell del med oversikt over Sykkylven kommune sine eigarposisjonar og nærmare omtale om føremål og eigarstrategi for dei selskapa kommunen er eineigar eller majoritetseigar av.
- Del 3 tek for seg roller, ansvar og årshjul for eigarskapsoppfølging.

Kommunen sine prinsipp for eigarstyring

Sykkylven kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si basert på prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll, og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga.

Sykkylven kommune har definert nokre overordna prinsipp for eigarstyring. Målet er at prinsippa skal bidra til føreseielege overordna rammer, rolleavklaring og ansvar.

Prinsippa er som følgjer:

1. Kommunestyret er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
2. Ordførar, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde selskap.
3. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
4. Den kommunale valnemnda skal foreslå styremedlemmar til alle selskap der kommunen har styrerepresentasjon, dersom anna ikkje er vedtektsfesta.
5. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.
6. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
7. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden.

Eigarrepresentantar

Sentrale folkevalde bør som hovudregel oppnemnast som representantar i eigarorganet. I eigarskapsmeldinga går det fram at det er kommunestyret som er generalforsamling i heileigde aksjeselskap. Vidare går det fram at det er ordførar som representerer kommunen i eigarorgana i selskap som er deleigde, men dette kan delegerast.

Oppnemning av styremedlemmar

I eigarskapsmeldinga går det fram at det er kommunestyret som oppnemner styremedlemmar. Det er den kommunale valnemnda som skal foreslå styremedlemmar til selskap der kommunen har styrerepresentasjon, dersom anna ikkje er vedtektsfesta. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.

Kommunestyret vedtok i møte 15.5.2023 retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.

Oppnemning og samansetting:

1. Valnemnda vert oppnemnt av Sykkylven kommunestyre i konstituerande møte.
2. Valnemnda skal ha 7 medlemmar. Ordførar og varaordførar skal sitte i valnemnda.
3. Valnemnda er oppnemnt med heimel i kommunelova § 5-7 kommunelova § 5-7 .

4. Valnemnda skal følgje kommunelova sine reglar for saksbehandling i folkevalde organ (kommunelova kap 11) så langt det er føremålstenleg.
5. Valnemnda skal innstille på styremedlemmer i alle selskap der Sykkylven kommune skal ha styrerepresentasjon

I intervju vart det opplyst at kompetanseoppfølging i styrer varierer frå selskap til selskap. Det same gjeld om og når selskap evaluerer arbeid utført av styret (styreevaluering).

Oversikt over selskap som kommunen eig eller har eigarinteresser i

Eigarskapsmeldinga har ein oversikt over selskap som Sykkylven kommune eig eller har eigarinteresser i. Tilsvarende oversikt er gitt i note til årsrekneskap.

Tabell 1-1: Oversikt over selskap som Sykkylven kommune eig eller har eigarinteresser i

Selskapets navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskriving	Reversering nedskriving	Bokført verdi 31.12
EIGARINNSK. ÅKNES/TAFJ. IKS	20 %				200 000
ÅRIM IKS	8 %	avviklet mot aksjer i Bingsa Gjenvinning AS	40 000		-
MURITUNET AS	0,50 %				70 000
AURE OMSORGSBUSTADER AS	100 %				352 000
SYKKYLVEN BUSTADELSKAP AS	100 %				4 600 000
SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS	100 %				51 670 516
RADIO STORFJORD AS		avviklet		1	-
BYRG KOMPETANSE AS	0,01 %				10 000
STORFJORDTERMINALEN AS	100 %				8 100 000
HAREID FASTL.SAMBAND AS	0,11 %				10 000
BINGSA GJENVINNING AS	1,95 %			46 000	46 000
BIBLIOTEKSENTRALEN AL	1 %				1 500
STORFJORDSAMBANDET ASA	34 %				4
SYKKYLVEN RESSURSSENTER AS/FU	1 %				6 000
VELLEDALEN I BALANSE AS	0,006 %				5 000
SYKKYLVEN NÆRINGSUTV. AS	52,00 %				26 000
UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFTHAVN VID	2,44 %				25 000
MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	2,60 %				105 000
STRAUMGJERDE VASSVERK	1 %				5 000
DET NORSKE TEATRET LL	1 %				3
STORFJORD KULTURHUS SA	1 %				1
SYKKYLVEN LEGETJENESTE AS	100 %	avviklet	1 639 346		-
PLUSLAB AS	25 %				12 500
NORSK MØBELFAGLEG SENTER	25 %				17 000
KOMPETANSENTER FOR NORSK MØBELINDUSTRI		under avvikling			600 000
SYKKYLVEN FRLUFTSENTER	12,90 %				30 000
HUNDEIDVIK VASSVERK VERDI PÅL	1 %				5 000
ØVRE VELLEDALEN VASSVERK, PÅL	1 %				5 000
EIGENKAPITALINNSKOT KLP					19 361 878

Kjelde: Sykkylven kommune, eigarskapsmelding 2023, og årsrekneskap 2022, note nr. 5 – aksjar og lutar

To interkommunale selskap er ikkje tatt med i oversikta. Dette gjeld Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS og Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS.

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

- Sykkylven kommune har eit medlem i representantskapet
- Selskapet er ikkje oppført i oversikt i rekneskap 2022 (note nr.5 – aksjar og lutar), over selskap som Sykkylven kommune eig eller har eigarinteresser i. Det same gjeld i oversikt i eigarskapsmeldinga 2023.

Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS

- Sykkylven kommune har eit medlem i representantskapet
- Selskapet er ikkje oppført i oversikt i rekneskap 2022 (note nr.5 – aksjar og lutar), over selskap som Sykkylven kommune eig eller har eigarinteresser i. Det same gjeld i oversikt i eigarskapsmeldinga 2023.

1.5 KS SINE TILRÅDINGAR OM EIGARSKAP, SELSKAPSLEIING OG KONTROLL

I eigarskapsmelding 2023 er overordna prinsipp for eigarstyring omtala. Kommunen viser i denne samanhengen til KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

«Sykkylven kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si basert på prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll, og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga».

KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll er:

1. Velje selskapsform ut frå føremål og behov
2. Skilje mellom skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private
3. Sørgje for at folkevalde får god kunnskap om eigarskap
4. Utarbeide ei årleg eigarskapsmelding eller ein rapport om selskapa for kommunestyret eller fylkestinget
5. Revidere styringsdokument og avtaler jamleg
6. Halde jamlege eigarmøte
7. Som hovudregel bør sentrale folkevalde oppnemnast som representantar i eigarorganet
8. Sørgje for avgjerder om innkallingsfrist til generalforsamlingar og representantskapsmøte
9. Sørgje for god samansetning og kompetanse i styret
10. Vedtektsfeste bruk av valkomité ved styreutnemningar
11. Sørgje for balansert kjønnsrepresentasjon i styret
12. Lage rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyra
13. Som hovudregel bør styremedlemmar i morselskapet ikkje sitje i styra i dotterselskap
14. Oppnemning av numeriske vararepresentantar
15. Etablere rutinar for vurdering og handtering av habilitet
16. Få til ei prinsipiell avklaring av godtgjersle for styreverv
17. Registrere styreverv i KS styrevervregister
18. Sørgje for at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon
19. Sørgje for at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningsliner for drifta av selskapet
20. Avklare forholdet mellom kommunedirektøren og dagleg leiar av føretaket ved etablering av kommunale eller fylkeskommunale føretak
21. Sørgje for at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår til å utøve sin funksjon på ein god måte

1.6 SELSKAP SOM EIGARSSKAPSKONTROLLEN SÆRLEG ER RETTA MOT

Problemstilling 2 rettar seg mot om Sykkylven kommune utøver sine eigarskap i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS i tråd med kommunestyrets vedtak og etablerte normer for god eigarstyring.

Eigarsskapsmeldinga del 2 har oversikt over Sykkylven kommune sine eigarposisjonar og nærmare omtale om føremål og eigarstrategi for selskap kommunen er einetigar eller majoritetseigar i.

Formål slik det går fram av vedtektene for Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS er det gjort reie for under.

Tabell 1-2: Vedtekter for Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS

Sykkylven Energi Holding AS Dato, sist endra: 14.6.2021	Sykkylven Bustadselskap AS Dato, sist endra: 18.6.2012	Aure Omsorgsbustader AS Dato, sist endra: 22.5.1996
Namn	Namn	Namn
Føremål	Forretningskontor	Forretningskontor
Forretningskontor	Føremål	Føremål
Aksjekapital	Aksjekapital	Føremål er ikkje økonomisk utbytte
Aksjeeigar	Generalforsamling	Aksjekapital
Styre	Styre	Styre
Styremøte	Selskapets firma	Selskapets firma
Styret sine gjeremål	Styremøte	Forkjøpsrett
Valnemnd	Generalforsamling sine gjeremål	Akseoverdragingar og krav til dette
Generalforsamling	Aksjeeigar	Generalforsamling
Generalforsamling sine gjeremål	Det vises til aksjelovgiving	Ekstraordinær generalforsamling
Sal av dotterselskap		Aksjekapital
Vedtectsending		

SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS

Sykkylven Energi konsernet (SE konsern) består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

Selskapet har vedtekter som sist er endra 14.6.2021. Føremålet med selskapet er gitt i § 2.

«Føremål med verksemda er, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune og produksjon av elektrisk energi i eigne kraftstasjonar. Selskapet skal vidare, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, yte gode og sikre tenester innan vassforsyning og avløp (VA) til innbyggjarane i Sykkylven. I tillegg skal selskapet, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, bygge og vedlikehalde infrastruktur for fiberbaserte kommunikasjonsløysingar.

Selskapet kan og delta i andre aktivitetar som heng naturleg saman med energi-, kommunikasjon og VA- relaterte tenester eller gjennom deltaking i andre selskap.»

SYKKYLVEN BUSTADSELSKAP AS OG AURE OMSORGSBUSTADER AS

Sykkylven kommune har i 2023 arbeid med å fusjonere selskapa Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS.

Generalforsamling i Sykkylven Bustadselskap AS hadde i møte 12.6.2023 sak om fusjon mellom selskapet og Aure Omsorgsbustader. Vedlagt var utkast til vedtekter for eventuelt fusjonert selskap.

Generalforsamling i Aure Omsorgsbustader AS hadde i møte 12.6.2023 sak om fusjon mellom selskapet og Sykkylven Bustadselskap AS. Vedlagt var utkast til vedtekter for eventuelt fusjonert selskap.

Gjennomført fusjon mellom Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS

Søk 4.10.2023 i proff.no viser at Aure Omsorgsbustader AS då var «innaktiv og slettet». For Sykkylven Bustadselskap AS var det 2.10.2023 registrert «gjennomføring av fusjon» med følgende informasjon:

«Overtakende foretak er Sykkylven Bustadselskap AS og overdragende foretak er Aure Omsorgsbustader AS»

Eigarskapskontrollen vurderer forhold i siste valperiode med særleg fokus på 2022 og 2023. Vi har derfor valt å omtale begge selskapa i rapporten. Fram til gjennomført fusjon hadde selskapa følgende føremål:

Sykkylven Bustadselskap AS

Selskapet har vedtekter som sist er endra 18.6.2012. Føremål med selskapet er gitt i § 3:

«Selskapet sitt føremål er å forvalte, drive og utvikle den bustadmassa selskapet disponerer. Selskapet kan også engasjere seg i tilknytta verksemd. Selskapet skal ikkje ha til formål å skaffe aksjeeigar økonomisk utbytte. Dersom selskapet går med overskot, skal overskotet tilførast annan eigenkapital. Ved eventuell avvikling av selskapet, skal aksjekapitalen gå tilbake til aksjonæren. Eit eventuelt overskot skal gå til helse- og sosialformål i Sykkylven kommune.»

Aure Omsorgsbustader AS

Selskapet har vedtekter som sist er endra 22.5.1996. Føremål med selskapet er gitt i § 3:

«Formålet med selskapet er å erverve og drive bustadar for tidsavgrensa utleige og kva som står i samband med dette. Bustadane skal leigast ut til eldre/trygda, funksjonshemma og pensjonistar utpeika av Sykkylven kommune.

Stiftinga må ikkje gå i oppløysing eller endre sine vedtekter utan samtykke frå Husbanken. I motsatt fall vil banken ta atterhald om retten til å krevje lånet innløyst med ein frist på 3 månader.»

1.7 METODE

Eigarskapskontrollen er utført i tråd med god kommunal revisjonsskikk. Gjeldande standard for eigarskapskontroll er RSK 002 som er utarbeidd av NKRF.

Det er gjennomført samtaler med ordførar i valperioden 2019-2023. I tillegg har vi hatt samtaler med ordførar i valperioden 2023-2027. Sistnemnde representerte det største opposisjonspartiet i valperioden 2019-2023. I tillegg har vi hatt samtaler med økonomisjef/konstituert kommunedirektør og fagleiar arkiv.

Vi har vurdert eigarskapsmeldinga. Vi har også gått gjennom postjournal og arkivsystemet. Vi har også vurdert innkallingar og protokollar frå politiske møte frå 1.1.2020.

Ei av problemstillingane som vi skulle undersøke var om kommunen ivaretek sine eigarinteresser i tre heileigde selskap: Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS.

Styreleiar og dagleg leiar i dei tre selskapa blei ved oppstart informerte om kontrollen og fekk også projektskisse/ prosjektplan. Vi har hatt samtaler med dei om erfaringar dei har med Sykkylven kommune som eigar.

I rapporten vurderer vi kommunen si oppfølging av tre heileigde selskap og to interkommunale selskap. Vi har henta inn informasjon om desse selskapa frå: brønnøysundregistrene.no, proff.no, purehelp.no

Vi meiner at dei data vi har henta inn er tilstrekkelege for å svare ut dei to problemstillingane.

2 SYKKYLVEN KOMMUNE – GENERELT OM UTØVING AV EIGARSKAP

Problemstilling 1: Har Sykkylven kommune ei eigarskapsmelding som inneheld dei krav som ligg i kommunelova og dei anbefalingane som KS har gitt om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll?

2.1 VURDERINGSKRITERIUM

For å svare på problemstillinga vil vi undersøke korleis Sykkylven kommune følger opp aksjeselskap, interkommunale selskap og samvirkeselskap som kommunen eig eller har eigarinteresser i med grunnlag i følgande kriterium:

1. Sykkylven kommune sikrar at kommunes arkiv til ein kvar tid er oppdatert med relevante dokumenter og informasjon om sentrale selskap, her under innkalling, dokumenter og protokoll frå generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte.
2. Sykkylven kommune sikrar at informasjon over kven som møter som representantar for kommunen i generalforsamling, representantskapsmøte eller årsmøte dokumenterast og arkiverast.
3. Sykkylven kommune sikrar at eigarrepresentantane i aksjeselskap, interkommunale selskap og samvirkeselskap får opplæring innan eigarskap, selskapsleiing og kontroll.
4. Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte kjenner til og følger kommunen sine prinsipp for eigarstyring.
5. Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte forankrar prinsipielle spørsmål og kommunen sine standpunkt i sentrale saker i folkevalde organ.
6. Sykkylven kommune sikrar at representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte gir naudsynt selskapsinformasjon til eigar (kommunestyre/ formannskapet)
7. Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte arbeider for at selskapa praktiserer prinsippet om meiroffentlegheit.
8. Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling, representantskapsmøte eller årsmøte er pådrivar for at selskapa fører en ansvarleg arbeidsgivarpolitikk i tråd med etiske retningslinjer for kommunen, og at lønns- og kostnadsnivået i selskapa er i samsvar med praksis og utvikling i egen kommune.

2.2 FUNN

DOKUMENTASJON OG ARKIVERING

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at kommunes arkiv til ein kvar tid er oppdatert med relevante dokumenter og informasjon om sentrale selskap, her under innkalling, dokumenter og protokoll frå generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte.

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding 2023 har føresegn om dokumentasjon. Det blei opplyst at all kommunikasjon mellom selskap og kommunen, som hovudprinsipp skal førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)

Andre viktige føringar som er tatt opp i eigarskapsmeldinga knytt til dokumentasjon er:

«Det skal vere ein open kommunikasjon om kommunen sine eigarinteresser i alle selskap knytt til Sykkylven kommune, og eigarpostar skal kome fram i rekneskapen.

Prinsippet om meiroffentlegheit skal gjennomførast i alle selskap når ikkje anna lovgiving, forretningsmessige eller andre tilhøve tilseier at informasjonen skal vere unntatt offentlegheit.»

Eigarskapsmelding 2013 hadde ein eigarstrategi med 11 forhold som gir verdigrunnlaget. Verdi 1 lød:

«Sykkylven kommune skal forvalte sitt eigarskap på ein open måte, basert på prinsipp om meirinnsyn. Det same skal gjelde for dei verksemdene kommunen har eigarforhold til.»

Dokument

Sykkylven kommune har ein arkivplan. Arkivplanen er tilgjengeleg på kommunen si heimeside (Arkivplan 2020-2021). Planen har eigne føresegner for interkommunale samarbeid og kommunale eigarskap. Det blei informert om at det er meir vanleg med samarbeid over kommunegrensene. I mange av desse samarbeida blei det skapt offentlege arkiv, og det er då krav om at arkiva blir behandla og ivaretatt i tråd med arkivlova og forskrift om arkiv. Riksarkivaren har i samarbeid med KS Bedrift og arkivfaglege miljø i kommunesektoren utarbeidd ei rettleiing for slike arkiv. Plana har oversikt over interkommunale samarbeid og visar til eigarskapsmelding 2013.

Stikkprøvekontroll

Søk i postjournal og arkiv

Vi har søkt opp relevante dokument frå postjournal og arkiv for perioden 01.01.2020 tom 20.10.2023.

Vi fekk treff på dokument knytt til:

- Eigarskapsmelding (3 dokument)
- Eigarskapskontroll (1 dokument)
- Generalforsamling (15 dokument her under generalforsamling i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure omsorgsbustader)

Oversikt over aktuelle dokument er lista opp i vedlegg.

Politiske saker om eigarskap og styring av selskap

Kontroll av saker som kommunestyret har behandla frå 30.9.2019 til 20.10.2023 viser at kommunestyret har behandla ei rekkje saker om eigarskap og styring av selskap. Dette er saker om eigarskapsmelding, oppretting av selskap, endringar av selskap eller selskapsform etc.

Oversikt over aktuelle saker er lista opp i vedlegg.

Det er dokumentert at kommunestyret i perioden har motteke orienteringar frå Sykkylven Energi AS, Miljøsekskapet ÅRIM og Storfjordsambandet.

Årsmeldingar er ikkje lagt fram for kommunestyret. Dette gjeld aksjeselskap, interkommunale selskap og samvirke selskap. Medlemmane i kommunestyret er generalforsamling i aksjeselskap som er heileigde av kommunen. Det ligg føre egne innkallingar og protokollar frå desse møte, men desse er ikkje tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Intervju

Dei vi har vore i kontakt med er alle klare på at innkalling, saksdokument og protokoll frå selskap kommune eig eller har eigarinteresser i skal journalførast.

I intervju kom det fram at det er litt forskjellig korleis innkallingar og møteprotokollar blir distribuert.

Eigarrepresentantar mottar framleis innkallingar og protokollar direkte frå selskapa, utan at dokumenta blir sendt postmottak. Dette har medført at det er tilfeldig om dokumenta er journalført.

Kommunen har rutine for journalføring av dokument inkludert dokument frå selskap kommunen eig eller har eigarinteresser i. Møteinnkalling og protokoll blir publisert på postjournal dersom arkivet mottar desse. Det er ønskeleg at innkalling og protokoll bli sendt til Sykkylven kommune og ikkje berre til den eigarrepresentant/ representantane.

Kommuneleiinga har blitt kjend med at ikkje alle dokument er journalførte og det blir opplyst at dette vil bli følgt opp.

INFORMASJON OM KVEN SOM MØTER SOM EIGARREPRESENTANT

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at informasjon over kven som møter som representantar for kommunen i generalforsamling, representantskapsmøte eller årsmøte dokumenterast og arkiverast.

Føresegner om protokoll

Aksjelova § 5-16, IKS-lova § 9 og samvirkelova § 49 har føresegner om protokoll.

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmeldinga 2023 har vilkår om at all kommunikasjon mellom selskap og kommunen som hovudprinsipp skal førast i postmottak. Dette gjeld i stor grad innkallingar og protokollar frå møter. I eigarskapsmelding blir det gitt følgande informasjon:

«All kommunikasjon mellom selskap og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)»

Stikkprøvekontroll

Revisor har søkt opp protokoll frå møter i generalforsamling i tre aksjeselskap der kommunen er eineigar. Generalforsamling i selskapa er medlemmene i kommunestyret i Sykkylven kommune.

Dei tre selskapa er:

- Sykkylven Energi Holding AS
- Sykkylven Bustadselskap AS
- Aure Omsorgsbustader AS

Vi fekk ikkje treff på protokoll ved søk i postliste, sakssystemet eller sak behandla av kommunestyre. Arkivet i Sykkylven kommune kunne legge fram protokoll for Sykkylven Energi Holding AS. Selskapet har heimeside.

Sykkylven Energi Holding AS

- Generalforsamling i selskapet er kommunestyremedlemmene i Sykkylven kommune
- I protokoll frå generalforsamling gis det generell informasjon om kor mange som er til stades, men ikkje kven dette er. På generalforsamlinga i 2022 var 28 av 29 kommunestyrerepresentantar til stades. I 2023 var 27 av 29 til stades.

Sykkylven Bustadselskap AS

- Generalforsamling i selskapet er kommunestyremedlemmene i Sykkylven kommune
- I protokoll frå generalforsamling er det opplyst kor mange som er til stades, men ikkje kven dette er. På generalforsamling i 2022 deltok 29 av 29 kommunestyrerepresentantar, og i 2023 deltok 26 av 29.

Aure Omsorgsbustader AS

- Det går ikkje fram av vedtektene kven som er generalforsamling i selskapet. I eigarskapsmelding og oversikt i note i rekneskapen går det fram at kommunen er eineigar, basert på dette er kommunestyremedlemmene i Sykkylven kommune generalforsamling.
- I protokoll frå generalforsamlinga i 2022 og 2023 er det opplyst at ordførar i Sykkylven kommune var til stades og at «100 % av eierskapet i selskapet er representert og generalforsamlingen er erklært vedtaksdyktig.»
- Selskapet blei hausten 2023 fusjonert med Sykkylven Bustadselskap AS

Revisor har søkt opp protokoll frå møter i representantskapet i to interkommunale selskap. Dei to selskapa er:

- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS

Vi fekk ikkje treff på protokoll ved søk i postliste, sakssystemet eller sak behandla av kommunestyre. Arkivet i Sykkylven kommune kunne heller ikkje legge fram etterspurde protokollar. Dei to selskapa har heimesider med protokoll frå møter i representantskapet.

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

- Sykkylven kommune har eit medlem i representantskapet
- Selskapet har heimeside www.ikamr.no med blant anna relevant informasjon om selskapet:
 - Oversikt over eigarar, styret, tilsette
 - Innkalling og protokoll frå møter i representantskapet frå 2020 til 2023 er tilgjengeleg
 - I protokoll frå møte i representantskapet gis det generell informasjon om kor mange som er til stades, men ikkje kven dette er. For eksempel: Det møter utsendingar frå 19 eigarar som representerer 81,78 % av eigardelane. Kravet er minst 14 utsendingar som representerer 2/3 av eigardelane. Møtet er såleis lovleg sett.
 - Gjennomgang av protokoll frå 2022 og 2023 visar ikkje om eigarrepresentanten frå Sykkylven kommune var til stades.

Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS

- Sykkylven kommune har eit medlem i representantskapet
- Selskapet har heimeside www.kontrollutval.no/selskapet-iks med blant anna relevant informasjon om selskapet:
 - Oversikt over eigarar, styret, tilsette
 - Innkalling og protokoll frå møter i representantskapet frå 2015 til 2023 er tilgjengeleg
 - I protokoll frå representantskapet gis det informasjon om kven som var til stades. Gjennomgang av protokoll frå 2022 og 2023 visar at eigarrepresentanten frå Sykkylven kommune deltok.

Intervju

Vi viser til informasjon frå intervju i kapittel 2.2.1. Ein føresetnad for føring i journal er at postmottak får dokumenta.

I intervju framkom det at informasjon over kven som møter som representant for kommunen i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte normalt går fram av protokoll.

OPPLÆRIG AV EIGARREPRESENTANTAR

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at eigarrepresentantane i aksjeselskap, interkommunale selskap og samvirkeselskap får opplæring innan eigarskap, selskapsleiing og kontroll.

KS - tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

Anbefaling 3 i KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll lyder:

«Sørge for god kunnskap til folkevalgte om eierskap.

For å styrke det kommunale eierskapet anbefales det at kommunestyret eller fylkestinget får tid til kompetanseutvikling eksempelvis ved å avholde eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte tidlig i perioden.»

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmeldinga 2023 har ikkje eksplisitte føresegner om opplæring av eigarrepresentantar. Eigarskapsmelding 2013 hadde heller ikkje slike føresegner, men i eigarstrategi var det opplyst om 11 forhold som var verdigrunnlaget. Verdi 8 lød:

«Ved oppstart av ny kommunevalperiode skal det haldast eit eigarseminar for kommunestyret, der eigarskapsmelding og eigarskapspolitikk blir gjennomgått. Seminaret skal gjentakast etter to år.»

Vedtektene i Sykkylven Energi Holding AS og Sykkylven Bustadselskap AS har føresegner om at kommunestyrerepresentantane er generalforsamling i selskapa. Eigarskapsmeldinga har også informasjon om dette.

Årshjul for eigaroppfølging

I del 3 i eigarskapsmeldinga er det eit årshjul som viser dei faste møteplassane for dialog og informasjon. I tillegg til dette ønskjer kommunen å halde ein open dialog med rom for kontakt og møter ved behov.

Figur 2-1: Årshjul for eigaroppfølging

Aktivitet	Jan	Feb	Mar	April	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Styret si eigenevaluering												
Generalforsamling												
Eigardag med formannskapet												
Opplæring i styrearbeid etter oppnemning												
Møter ved behov												

Kjelde: Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune 2023

Årshjulet legg mellom anna til rette for ein eigardag med formannskapet i mai. Eigardag er ikkje gjennomført i 2023.

Intervju

I intervju kom det fram at kommunen har eit kurs over to dagar for medlemmane i kommunestyret etter kvart val. Kommunen følgjer KS sin mal for opplæring. Opplæring innan eigarskap, selskapsleiing og kontroll var ein del av politikaropplæringa etter valet i 2019. Tilsvarande opplæring blir også gitt etter valet hausten 2023. KS hadde to dagar med opplæring i slutten av oktober. Eigarstyring og leiing av selskap var ein liten, men viktig, del av opplæringa.

Selskap som kommunen eig eller har eigarinteresser i gir nokre gongar opplæring og informasjon til eigarrepresentantane. Dette gjer dei i møter i generalforsamling, representantskap eller årsmøte. Slik informasjon kan også bli gitt i eigarmøte.

I intervju kom det fram at det er eit ønske frå folkevalde med meir konkret opplæring i eigarstyring. Eigarmeldinga legg opp til eit årshjul for eigaroppfølging. I årshjulet er det oversikt over dei faste møteplassane for dialog og informasjon. Kommunen legg også opp til at det skal vere ein open dialog med rom for kontakt og møte ved behov.

Personar som er valt av kommunen til styrer i selskap får tilbod om kurs i regi av SNU (Sykkylven Næringsutvikling AS).

EIGARREPRESENTANTANE SKAL KJENNE PRINSIPPA FOR EIGARSTYRING

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte kjenner til og følger kommunen sine prinsipp for eigarstyring.

KS - tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

KS bidreg med dei 21 tilrådingane til kunnskap om viktige omsyn og kva som bør på plass for å få til god eigarstyring av selskap og føretak.

Eigarskapsmelding

Formålet med eigarskapsmeldinga er å gje ein oversikt over kva kommunen vil med sine eigarskap og korleis selskap kommunen eig eller har eigarinteresser i skal følgast opp. Meldinga har også forventningar om at styremedlemmer valt av kommunen kjenner kommunen sine prinsipp for eigarstyring.

Intervju

I intervju kom det fram at det er eit ønske frå folkevalde med meir opplæring i eigarstyring. Eigarskapsmeldinga legg opp til eit årshjul for eigaroppfølging. I årshjulet er det oversikt over dei faste møteplassane for dialog og informasjon. Kommunen legg også opp til at det skal vere ein open dialog med rom for kontakt og møte ved behov.

Kommunedirektør skal rettleie ein eigarrepresentant når denne ber om det, jf. avklaring i eigarskapsmelding 2023. Kommunedirektøren kan etter føresegnene i eigarskapsmeldinga etablert eit sekretariat for eigarskap. Det blei opplyst i intervju at det ikkje er etablert slik eining.

EIGARREPRESENTANTANE SKAL TA AVKLARINGAR MED FOLKEVALDE ORGAN

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte forankrar prinsipielle spørsmål og kommunen sine standpunkt i sentrale saker i folkevalde organ.

KS - tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

Anbefaling 7 i KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll lyder:

«Som hovedregel bør sentrale folkevalgte oppnevnes som representanter i eierorganet.»

KS omtaler forholdet mellom kommunestyret som eigar og eigarorganet:

«Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets eller fylkestingets vedtak. Eierstyringen skal skje gjennom eierorganet for selskapene og gjennom kommunestyret

eller fylkestinget for foretakene. Samhandlingen mellom kommunestyret eller fylkestinget og eierorganet er ikke lovregulert.

For selskapsformene AS og IKS bør det etableres forutsigbare kommunikasjonsformer mellom kommunestyret eller fylkestinget og eierorganet som forankres i eierskapsmeldingen. Slik sikrer man engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eierorganets myndighet.»

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding 2023 har overordna mål for eigarskap i Sykkylven kommune. Meldinga har føresegner om at:

«Sykkylven kommune skal vere ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdiar skal forvaltast på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Sykkylven kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid, eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte.»

Stikkprøvekontroll

Revisor har gått gjennom vedtak i kommunestyret frå 2020 for å finne saker der kommunen sine representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte har forankra prinsipielle spørsmål i kommunestyret.

Vår gjennomgang viser at der det er formelle krav om at kommunestyret skal treffe vedtak blir dette gjort. Til dømes gjeld dette fastsetting av vedtekter, selskapsavtale etc.

Gjennomgangen har ikkje avdekket at eigarrepresentant har tatt opp prinsipielle saker med kommunestyret som eigar.

Intervju

I intervju kom det fram at det ikkje er rutinar for at årsregnskap, årsmelding eller anna sentral informasjon om selskap som kommunen eig eller har eigarinteresser blir formidla til kommunestyret som eigar.

I heileigde aksjeselskap er representantane til kommunen i generalforsamling medlemmene i kommunestyret. Dette sikrar at prinsipielle spørsmål og kommunen sine standpunkt blir forankra hos dei folkevalde.

I intervju kom det fram at ordførar har drøfta saker, som er av ei viss betydning, i tilknytning til møte i formannskapet. Prinsipielle spørsmål og kommunen sine standpunkt i sentrale saker blir gjennom dette drøfta i folkevalde organ. Dei vi intervjuar var ikkje kjende med at eigarrepresentantar har møtt i eigarorgan med bunde mandat.

NAUDSYNT SELSKAPSINFORMASJON TIL KOMMUNESTYRE SOM EIGAR

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte gir naudsynt selskapsinformasjon til eigar (kommunestyre/ formannskapet)

KS - tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

Anbefaling 4 i KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll lyder:

«Utarbeide en årlig eierskapsmelding eller rapport om selskapene for kommunestyret eller fylkestinget.»

Anbefaling 6 lyder:

«Holde jevnlige eiermøter»

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding 2023 har overordna mål for eigarskap i Sykkylven kommune. Kommunen skal mellom anna:

«Sykkylven kommune skal vere ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdiar skal forvaltast på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Sykkylven kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid, eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte.»

Selskap der Sykkylven kommune ikkje er eineeigar har egne føresegner:

«Sykkylven kommune har interesser i fleire selskap som vi eig saman med andre. Det er ønskeleg at dei aktuelle prinsippa ovanfor [Overordna prinsipp for eigarstyring] også vert praktisert i og ovanfor desse selskapa. Sykkylven kommune som deleigar i selskap ønskjer ein systematisk dialog, også med desse selskapa. Dette for å kunne sikre ei samla god eigarstyring uavhengig av eigardel.»

Eigarskapsmelding 2013 hadde ein eigarstrategi med 11 forhold som gav verdigrunnlaget. Verdi 6 lyder:

«Kommunen ønskjer å ha god dialog med sine selskap på ulike nivå både administrativt og politisk. Det bør årleg bli invitert til informasjons- og strategimøte med dei viktigast selskapa. Kommunen ønskjer at eigarskap blir følgt opp med rutinar for rapportering.»

Intervju

Kommunestyret er generalforsamling i heileigde aksjeselskap. I intervju kom det fram at dette sikrar at medlemmane i kommunestyret får nødvendig informasjon frå desse selskapa.

I intervju blei det nemnt at generalforsamling i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS dei siste åra er haldne på andre dagar enn møte i kommunestyret. Dette har gitt moglegheit for samtaler og drøftingar med leiinga i selskapet i tilknytning til generalforsamling.

Sykkylven Energi Holding AS gir nyttig informasjon i og i tilknytning til generalforsamling. Dette kan være informasjon om investeringar på sjølvkostområder, og gjennom dette gebyrnivå. Møta streames og publikum kan være til stades. Pressen refererer nokre gonger frå møta.

Ordførar har kvart år dialog med Sykkylven Energi Holding AS om utbytte. Kommunen opplever at det er ein god dialog mellom selskapet og eigar. Politikk for utbytte er omtalt i eigarskapsmelding 2023 der det i eigarstrategi for Sykkylven Energi Holding AS blir opplyst:

«Utbyttet frå selskapet skal vera resultatavhengig og skal maksimalt vera 50 % av resultatet etter skatt. Dette skal gi eigar og selskapet gode rammevilkår for å utvikla verdiane i selskapet.»

I årsmelding 2022 for Sykkylven Energi Holding AS kommenterer selskapet dette:

«Vår eigar fører ein ansvarleg utbytepolitikk der 50 % av overskotet vert halde tilbake i selskapa. Dette fører til at konsernet er godt rusta for framtida og har evne til å gjennomføre nødvendige investeringar framover.»

Sykkylven Energi Holding AS leverer viktige tenester til innbyggjarar i kommunen. Leiinga i kommunen har jamlege møte med leiinga i selskapet. Dette er møte med fokus på utvikling og samarbeid. Møta er viktige for mellom anna områda vatn og avløp. Det ble opplyst at det normalt er to faste møte kvart år og elles ved behov. Frå kommunen deltek ordførar, leiar av nærings- og utviklingsutvalet, kommunedirektør og teknisk sjef. Det blir utarbeidd saksliste og referat frå desse møta.

Selskapet har møte med kommunestyret etter kommunestyreval. I desse møta blir det gitt informasjon om selskapet. I møta gir selskapet informasjon og opplæring. Det er per oktober ikkje avtalt slikt møte etter kommunevalet 2023.

Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS leverte viktige tenester til innbyggjaren i kommunen. Leiinga i kommunen har møter med leiinga i selskapa. Det ble opplyst at det er møter kvar månad, og at det er saksliste og oppsummeringar frå desse. Selskapa ble fusjonert hausten 2023, det blir opplyst at leiinga vil ha tilsvarande møte med det fusjonerte selskapet. Selskapa utarbeider orientering om verksemda kvart år, som blir behandla av generalforsamling. Det blir opplyst at dette er eit godt utgangspunkt for dialog med eigar.

I intervju kom det fram at SNU (Sykkylven Næringsutvikling AS) har gitt informasjon om selskapet i forbindelse med kommunestyremøte. Storfjordsambandet AS gir kvart år informasjon til kommunestyret.

Ut over dette er det ikkje system som sikrar at selskap gir informasjon til kommunestyret. I intervju kom det fram at det ikkje er rutinar for at årsregnskap, årsmelding eller anna sentral informasjon om selskap som kommunen eig eller har eigarinteresser blir formidla til kommunestyret som eigar.

MEIROFFENTLEGHEIT

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling, representantskapsmøte og årsmøte arbeider for at selskapa praktiserer prinsippet om meiroffentlegheit.

Offentleglova

Offentleglova gjeld for kommunalt eigde selskap dersom det offentlege har eigardelar som gir rett til meir enn halvparten av stemmene i det øvste organet, eller direkte eller indirekte har rett til å velgje meir enn halvparten av medlemmene med stemmerett i det øvste organet. Offentleglovene gjelder likevel ikkje for offentleg eigde selskap som hovudsakleg driv næringsverksemd i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding 2023 har forordningar om at:

«Prinsippet om meiroffentlegheit skal gjennomførast i alle selskap når ikkje anna lovgiving, forretningsmessige eller andre tilhøve tilseier at informasjonen skal vere unntatt offentlegheit.»

Eigarskapsmelding 2013 hadde ein eigarstrategi med 11 forhold som gir verdigrunnlaget. Verdi 1 lyder:

«Sykkylven kommune skal forvalte sitt eigarskap på ein open måte, basert på prinsipp om meirinnsyn. Det same skal gjelde for dei verksemdene kommunen har eigarforhold til.»

Openheit i kommune-Norge – openheitsbarometer 2023

Kommunal Rapport og Pressens offentleg utval undersøkte i 2023 openheit i kommune-Noreg (openheitsbarometer 2023). Sykkylven kommune kom på 11. plass i Møre og Romsdal. I rapporten blei kommunen nemnd som ein kommune som det siste året har blitt betre:

«Det er ellers verdt å merke seg at Sykkylven har klatret voldsomt. I fjor var de desidert nederst i fylket. I år har de hele 21 poeng, en sum som kunne sikret pallplass i enkelte andre fylker. I den knallharde konkurransen i Møre og Romsdal gir det bare 11. plass, men en så betydelig forbedring av en enkeltkommune er uansett sterkt».

I forhold til teama for eigarskapskontroll kan vi særleg merke oss at undersøkinga viste at:

- Kommunen bruker en virkedag på å innvilge innsynskrav
- Kommunen har postliste på nett der det er mulig å bla kronologisk
- Kommunens har delvis postliste i fulltekstdokumenter på nett
- Kommunen har en forhåndsbestemt maksimal levetid for postliste på nett på 12-23 måneder
- Kommunens nåværende publiserte postliste går tilbake 12-23 måneder
- Noen organinterne dokumenter publiseres i kommunens offentlige postliste
- Politiske saksdokumenter legges ut på nett
- Politiske saksdokumenter legges normalt ut på nett samtidig med utsendelse til politikerne og senest innen 2 døgn
- Kun kommunestyremøtene strømmes
- Opptak fra strømmede kommunestyremøter gjøres tilgjengelig på nett i ettertid

Intervju

Dei revisor var i kontakt med var alle klare på at innkalling, saksdokument og protokoll frå møte i eigarorgan i selskap kommune eig eller har eigarinteresser i skal journalførast. Dette blir ikkje alltid etterlevd.

Kommunen har rutine for journalføring av dokument inkludert dokument frå selskap kommunen eig eller har eigeninteresser i. Møteinnkalling og protokoll blir publisert på postjournalen dersom arkivet mottar desse.

ARBEIDSGJEVARPOLITIKK, ETISKE RETNINGSLINER OG LØNNSNIVÅ

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling, representantskapsmøte eller årsmøte er pådrivar for at selskapa fører en ansvarleg arbeidsgivarpolitikk i tråd med etiske retningslinjer for kommunen,

og at lønns- og kostnadsnivået i selskapa er i samsvar med praksis og utvikling i egen kommune.

KS - tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

KS anbefaling 19 lyder:

«Sørge for at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften.»

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding 2023:

«... Sykkylven kommune [er] oppteken av at det einkilde selskap si verksemd er ansvarleg. Dette inneber å identifisere og handtere risikoen selskapet påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til berekraft og ansvarleg verksemd er ein del av Sykkylven kommune sine forventningar til selskapa, og vil påverke korleis Sykkylven kommune følg opp selskap og eigarposisjonar. Sykkylven kommune forventar at alle selskap legg til grunn kommunen sine føringar knytt til:

- Etiske retningslinjer
- Innkjøpsstrategi
- Openheit og innsyn»

Eigarskapsmelding 2013 hadde eigarstrategi med 11 forhold som gav verdigrunnlaget. Verdi 5 og 7 lyd:

«For kommunale føretak skal kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk gjelde. Det skal så langt råd også gjelde for alle heileigde selskap.

For føretak og alle heileigde selskap skal kommunen sine etiske retningslinjer gjelde. For dei andre selskapa føreset kommunen at styret utarbeider og følgjer opp etiske retningslinjer for sitt selskap.»

Intervju

Det kom fram i intervju at det i møte i eigarorgan i selskap er lite fokus på arbeidsgjevarpolitikk, etiske retningslinjer og at lønns- og kostnadsnivået i selskapa. Dei vi var i kontakt med har tiltru til at selskapa handterer dette på ein god måte.

Dei vi intervjuar og som har møtt i generalforsamling i heleide aksjeselskap, opplyste at arbeidsgjevarpolitikk og etiske retningslinjer har vore diskutert. Lønnsnivå har ikkje vore tema. Generalforsamling, representantskap og årsmøte har fastsett styrehonorar, og styret har fastsett lønnsnivå for dagleg leiar.

I intervju kom det fram at kommuneleiinga har hatt møte med enkelte selskap om regelverk for offentlege anskaffingar. I forhold til områda vann og avløp har kommuneleiinga faste møte med Sykkylven Energi Holding AS. Det er møte kvar månad mellom kommuneleiinga og Sykkylven Bustadselskap AS.

2.3 VURDERING OG KONKLUSJON

Kommunelova har ein regel om at kommunar skal utarbeide ei eigarskapsmelding minst ein gong kvar valperiode. Det er krav til innhaldet i meldinga. Sykkylven kommune vedtok i mars 2023 ei slik eigarskapsmelding. Vår vurdering er at meldinga inneheld krava til innhald.

KS har tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll. Desse rettar seg mot korleis kommunar bør følgje opp sine eigarskap. Mange av desse anbefalingane er tatt inn i kommunen si eigarskapsmelding. I meldinga blir det fleire stader gitt informasjon om at KS sine tilrådingar er gjeldande for Sykkylven kommune i tillegg til eigarskapsmeldinga.

Etter vår vurdering har kommunen enno ikkje tatt tak i fleire av rutinane for oppfølging av sine eigarskap som meldinga legg opp til. Eigarskapsmeldinga er vedteken i mars 2023, og oppfølging av fleire av dei faste oppgåvene i årshjul for eigaroppfølging vil derfor først kunne etterprøvast i 2024.

Kommunen har reglar om føring av dokument i postjournal og arkivet til kommunen. Dette gjeld og innkalling, saksdokument og protokoll frå generalforsamling, representantskap og årsmøte. Dette blir gjort når arkiv mottek dokumenta. Kontrollen vår viser at det er tilfeldig om arkiv mottek slike dokument.

Kommunen har reglar og praksis som skal sikre at sentrale folkevalde blir oppnemnt som representant i eigarorgana. For heileigde aksjeselskap er det kommunestyret som er generalforsamling. Ordførar er den som hovudregel skal representere kommunen som eigar i deleigde føretak.

Vidare er det i eigarskapsmeldinga retningsliner på at kommunestyret sjølv vel styremedlemmar i nokre av selskapa. Vår kontroll viser at dette blir følgt opp. Kommunestyret vedtok i møte 15.5.2023 retningsliner for valnemnda sitt arbeid med oppnemning av styrerepresentantar til kommunalt eige selskap. I møte 2.10.2023 ble det føretatt val av valnemnd for perioden 2023 til 2027.

Er Sykkylven kommune si eigarstrategi i samsvar med krav og anbefalingar?

Etter vår vurdering er eigarstyringa i Sykkylven kommune i stor grad i samsvar med krav og anbefalingar. Mellom anna er det utarbeidd eigarskapsmelding. Sentrale folkevalde er som hovudregel eigarrepresentantar i selskap kommunen eig.

Vi er meir usikre på om det er god nok opplæring om eigarskap til folkevalde. Mellom anna er det ikkje gjennomført eigardag for formannskapet i mai 2023 slik eigarskapsmeldinga legg opp til. Det er også opplyst at folkevalde har etterlyst meir konkret opplæring.

Vår kontroll viser at Sykkylven kommune har nokre forhold som kan forbeistrast. Opplæring av eigarrepresentantar i aksjeselskap, interkommunale selskap og samvirkeselskap kan bli betre. Dette vil auke sjansen for at kommunen sine prinsipp for eigarstyring blir etterlevd.

Sykkylven kommune bør sikre at:

- prinsippa i eigarskapsmeldinga er kjent hos dei som representerer kommunen i eigarorgan
- kommunikasjon mellom selskap og kommunen blir journalført
- eigardag og fag/ tematiske dialogmøte blir gjennomført i tråd med vedteken eigarskapsmelding

3 SYKKYLVEN KOMMUNE – EIGARSKAP I EIT UTVAL SELSKAP

Problemstilling 2: Utøver Sykkylven kommune sine eigarskap i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS i tråd med kommunestyrets vedtak og etablerte normer for god eigarstyring?

3.1 VURDERINGSKRITERIUM

For å svare på problemstillinga vil vi undersøke korleis Sykkylven kommune følger opp dei tre aksjeselskapa som kommunen er eineigar i med grunnlag i følgande kriterium:

1. Sykkylven kommune sikar at kommunes arkiv til ein kvar tid er oppdatert med relevante dokumenter og informasjon om selskapa, her under innkalling, dokumenter og protokoll frå generalforsamling.
2. Sykkylven kommune sikrar at informasjon over kven som møter som representantar for kommunen i generalforsamling i selskapa dokumenterast og arkiverast.
3. Sykkylven kommune sikrar at eigarrepresentantane i selskapa får opplæring innan eigarskap, selskapsleiing og kontroll.
4. Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling i selskapa kjenner til og følger kommunens prinsipp for eigarstyring.
5. Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling i selskapa arbeider for at selskapet praktiserer prinsippet om meiroffentlegheit.
6. Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling i selskapa er pådrivar for at selskapa fører ein ansvarleg arbeidsgjevarpolitikk i tråd med etiske retningsliner for kommunen, og at lønns- og kostnadsnivået i selskapa er i samsvar med praksis og utvikling i eigen kommune.

3.2 FUNN

DOKUMENTASJON OG ARKIVERING

Kriterium: Sykkylven kommune sikar at kommunes arkiv til ein kvar tid er oppdatert med relevante dokumenter og informasjon om selskapa, her under innkalling, dokumenter og protokoll frå generalforsamling.

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmeldinga 2023 har vilkår om at all kommunikasjon mellom selskap og kommunen som hovudprinsipp skal førast i postmottak. Dette gjeld i stor grad innkallingar og protokollar frå møter. I eigarskapsmelding gis følgande informasjon:

«All kommunikasjon mellom selskap og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)»

Postliste og innsynskrav

Som del av prosjektet gjekk vi gjennom kommunen si postliste. Vi fekk treff på sak om generalforsamling i Sykkylven Energi AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS (Arkivsak/ doknr: 23/1621 dokument 1, 2 og 3).

På heimesida bli det gitt informasjon om at postlista viser inn- og utgåande post ein vald dag, og er tilgjengeleg to dagar etter journalføring. Dokumenta er å finne på nett i 90 dagar. Vidare blir det gitt informasjon om at publikum som har spørsmål om postlista kan ta kontakt med postmottak@sykkylven.kommune.no.

Vi sendte e-post 14.9.2023 med førespurnad om innsyn i innkalling og protokoll frå generalforsamling i 2022 og 2023 i Sykkylven Energi AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS. Vi fekk svar same dag med innkalling til generalforsamling i 2022 og 2023 i Sykkylven Energi AS, og innkalling til generalforsamling i 2023 i Sykkylven Bustadselskap AS. Vi fekk ikkje dokument om Aure Omsorgsbustader AS. Vi fekk ikkje protokoll gjeldande selskapa.

Tabell 3-1 Postliste - innkalling og protokoll

	Generalforsamling 2022		Generalforsamling 2023	
	Innkalling	Protokoll	Innkalling	Protokoll
Sykkylven Energi Holding AS (100 %)	JA	NEI	JA	NEI
Sykkylven Bustadselskap AS (100 %)	NEI	NEI	JA	NEI
Aure Omsorgsbustader AS (100 %)	NEI	NEI	NEI	NEI

Førespurnad til arkiv

Som del av prosjektet hadde vi kontakt med arkivleiar. Vi sendte e-post 11.9.2023 med førespurnad om innsyn i innkalling og protokoll frå generalforsamling i 2022 og 2023 i Sykkylven Energi AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS.

Sykkylven kommune opplyser at arkiv ikkje har fått protokollar i 2022 og 2023 frå Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS. Dei manglar også innkalling til generalforsamling for Aure omsorgsbustader for 2023.

Tabell 3-1 Arkiv - innkalling og protokoll

	Generalforsamling 2022		Generalforsamling 2023	
	Innkalling	Protokoll	Innkalling	Protokoll
Sykkylven Energi Holding AS (100 %)	JA	JA	JA	JA
Sykkylven Bustadselskap AS (100 %)	JA	NEI	JA	NEI
Aure Omsorgsbustader AS (100 %)	JA	NEI	NEI	NEI

Førespurnad til aktuelle selskap

Dei dokument som vi ikkje har motteke frå kommunen har vi henta inn frå selskapa.

Intervju

Innkalling, saksdokument og protokoll frå generalforsamling blir utarbeidd av selskapa.

Innkalling og saksdokument frå heileigde selskap blir send til politisk sekretariat. Politisk sekretariat sender dokumenta til medlemmene i generalforsamlinga. Politisk sekretariat handterer forfall og kallar inn vararepresentantar ved behov. Postmottak og arkiv mottok ikkje alltid desse dokumenta. Dette har ført til at det er tilfeldig om dokumenta er journalført i kommunen.

INFORMASJON OM KVEN SOM MØTER SOM EIGARREPRESENTANT

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at informasjon over kven som møter som representantar for kommunen i generalforsamling i selskapa dokumenterast og arkiverast.

Føresegner om protokoll

Aksjelova § 5-16, IKS-lova § 9 og samvirkelova § 49 har føresegner om protokoll.

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmeldinga 2023 har vilkår om at all kommunikasjon mellom selskap og kommunen som hovudprinsipp skal førast i postmottak. Dette gjeld i stor grad innkallingar og protokollar frå møter. I eigarskapsmelding gis følgande informasjon:

All kommunikasjon mellom selskap og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)

Intervju

I intervju gjekk det fram at det er litt forskjellig korleis møteprotokollar blir distribuert.

Eigarrepresentantar får ofte protokollar direkte frå selskapa, utan at dokumenta blir sendt postmottak. Dette har ført til at det er tilfeldig om dokumenta er journalført. Det vart opplyst at det i protokoll går fram om generalforsamling er vedtaksfør og gjennom dette kor mange som møter.

Ved oppstart av generalforsamling i Sykkylven Energi Holding AS blir det kryssa av på liste kven som er til stades. I protokoll går det fram kor mange eigarrepresentantar som var til stades, ikkje kven desse er. Protokoll frå generalforsamling blir send til dei to som er valt til å underskrive protokoll. Desse kjem innom selskapet og signerer. Signert protokoll blir arkivert i selskapet. Signert protokoll blir ikkje send til medlemmene i generalforsamlinga.

Protokoll frå generalforsamling 2022 og 2023

Som del av prosjektet henta vi inn protokoll frå generalforsamling 2022 og 2023 for Sykkylven Energi AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS.

Protokoll frå generalforsamling for Sykkylven Energi Holding AS 13. juni 2022 viser at generalforsamlinga var sett saman av 29 kommunestyrerepresentantar. 28 var til stades.

Protokoll frå generalforsamling for Sykkylven Energi Holding AS 12. juni 2023 viser at generalforsamlinga var sett saman av 29 kommunestyrerepresentantar. 27 var til stades.

Sykkylven Energi Holding AS

- Generalforsamling i selskapet er kommunestyremedlemmene i Sykkylven kommune

- I protokoll frå generalforsamling gis det generell informasjon om kor mange som er til stades, men ikkje kven dette er. På generalforsamlinga i 2022 var 28 av 29 kommunestyrerepresentantar til stades. I 2023 var 27 av 29 til stades.

Sykkylven Bustadselskap AS

- Generalforsamling i selskapet er kommunestyremedlemmene i Sykkylven kommune
- I protokoll frå generalforsamling er det opplyst kor mange som er til stades, men ikkje kven dette er. På generalforsamling i 2022 deltok 29 av 29 kommunestyrerepresentantar, og i 2023 deltok 26 av 29.

Aure Omsorgsbustader AS

- Det går ikkje fram av vedtektene kven som er generalforsamling i selskapet. Ordførar hadde rolla som generalforsamling i selskapet.
- I protokoll frå generalforsamlinga i 2022 og 2023 er det opplyst at ordførar i Sykkylven kommune var til stades og at «100 % av eierskapet i selskapet er representert og generalforsamlingen er erklært vedtaksdyktig.»
- Selskapet blei hausten 2023 fusjonert med Sykkylven Bustadselskap AS.

OPPLÆRING AV EIGARREPRESENTANTANE I SELSKAPA

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at eigarrepresentantane i selskapa får opplæring innan eigarskap, selskapsleiing og kontroll.

KS - tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

Anbefaling 3 i KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll lyder:

«Sørge for god kunnskap til folkevalgte om eierskap

For å styrke det kommunale eierskapet anbefales det at kommunestyret eller fylkestinget får tid til kompetanseutvikling eksempelvis ved å avholde eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte tidlig i perioden.»

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmeldinga 2023 har ikkje eksplisitte føresegner om opplæring av eigarrepresentantar. Eigarskapsmelding 2013 hadde heller ikkje slike føresegner.

Vedtektene i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS har føresegner om at kommunestyrerepresentantane er generalforsamling i selskapa. Eigarskapsmeldinga har også informasjon om dette.

For meir informasjon om opplæring i eigarskapsmelding viser vi til kapittel 1.4 og kapittel 2.2.

Intervju

I intervju gjekk det fram at det er litt forskjellig korleis opplæring av kommunestyrerepresentantane som eigar får opplæring innan eigarskap, selskapsleiing og kontroll. Dette gjeld også kommunestyrerepresentant-ane som eigarrepresentant(ar) i selskapa.

Opplæring innan eigarskap, selskapsleiing og kontroll var ein del av politikaropplæringa etter valet i 2019. Dette er også planlagt som del av opplæringa etter valet 2023.

Det er også ein viss opplæring i det enkelte selskap.

Sykkylven Energi Holding AS

Det har hittil ikkje vore egne eigarmøte mellom selskapet og eigarrepresentantane. Dei siste tre åra har møta i generalforsamling vore utvida med detaljert gjennomgang av selskapet og dotterselskapa.

Selskapet har møte med kommunestyret etter kommunestyreval. I desse møta blir det gitt informasjon om selskapet. I møta gir selskapet informasjon og opplæring. Det er enno ikkje avtalt slikt møte etter kommunevalet 2023.

Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS

Dagleg leiar i dei to selskapa var same person, og styret bestod av same personar. Selskapa ble hausten 2023 fusjonert og er nå samla i selskapet Sykkylven Bustadselskap AS.

Selskapa leverte viktige tenester til innbyggjarar i kommunen. Leiinga i selskapa og leiinga i kommunen hadde, fram til selskapa ble fusjonert, hyppige møte og ofte kvar måned. Det blir laga sakliste og kort oppsummering frå møta. Slike møte er også planlagt med det fusjonerte selskapet.

EIGARREPRESENTANTANE FØLGER PRINSIPP FOR EIGARSTYRING

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling i selskapa kjenner til og følger kommunens prinsipp for eigarstyring.

KS - tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll

Anbefaling 3 i KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll lyder:

«Sørge for god kunnskap til folkevalgte om eierskap

For å styrke det kommunale eierskapet anbefales det at kommunestyret eller fylkestinget får tid til kompetanseutvikling eksempelvis ved å avholde eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte tidlig i perioden.»

Eigarskapsmelding

Kommunen sine prinsipp for eigarstyring er oppstilt i eigarskapsmeldinga 2023. Det er viktig at eigarrepresentantar kjenner til og følgjer prinsippa. Ved handsaming av eigarskapsmelding var det lagt til grunn at eigar og eigarrepresentantane skal følge prinsipp for eigarstyring, og KS sine tilrådingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll.

Selskapa der kommunen er eineeigar har i meldinga ein eigen omtale av strategi. Denne eigarstrategien skal gje selskapa signal om kva eigar ønskjer, og vil vidare dannar grunnlag for ei god forventningsavklaring og styringsdialog.

Det var i 2022 og 2023 ein prosessen før eigarskapsmeldinga vart vedtatt. Kommunestyret hadde forventningar til arbeidet og innhaldet i eigarskapsmelding. Mellom anna skal eigarskapspolitikken ha mål om å danne grunnlag for klare retningsliner til selskapa og forenkle samarbeidet der ein har fleire eigarar. Overordna forventningar, mål og prinsipp

gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsettingar kommunen(-ane) har med selskapet.

Intervju

I intervju gjekk det fram at det var ein god prosess fram til eigarskapsmelding 2023 blei vedteken av kommunestyret 27.3.2023.

Vedlagt saka var mellom anna vedtekter for dei viktigaste selskapa her under vedtekter for Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS.

Viktige selskap var involvert i arbeidet med eigarskapsmeldinga. Det vart mellom anna gjennomført felles dialogmøte og egne møte med enkelte selskapet for å få innspel. Utkast til melding vart sendt på høyring til selskapa.

MEIROFFENTLEGHEIT

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling i selskapa arbeider for at selskapet praktiserer prinsippet om meiroffentlegheit

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding 2023 har føresegner om meiroffentlegheit.

«Prinsippet om meiroffentlegheit skal gjennomførast i alle selskap når ikkje anna lovgiving, forretningsmessige eller andre tilhøve tilseier at informasjonen skal vere unntatt offentlegheit.»

Sykkylven kommune forventar at alle selskap legg til grunn kommunen sine føringar knytt til openheit og innsyn.

Offentlegheit i det einskilde selskap

Sykkylven Energi Holding AS har ei heimeside www.sykkylven-energi.no med relevant informasjon under overskriftene: vatn og avløp, fiber, melde feil, aktuelt, alt anna og kontakt oss. Årsmeldingar frå 2011 til og med 2022 er tilgjengeleg i fulltekst. Selskapet opplyser at nettsida primært er for å gi nyttig informasjon til kundane. Av den grunn er det lite formålstenleg å leggja ut dokument frå styret og generalforsamling på nettsida.

Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS hadde ikkje heimeside. Selskapa såg ikkje behov for dette.

Offentlegheit om det einskilde selskap i Sykkylven kommune

Dokument om eigarskap i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS er i lita grad tilgjengeleg på kommunen sine heimeside, jf. avsnitt over

Intervju

I intervju gjekk det fram at det er litt forskjellig korleis innkallingar og møteprotokollar blir distribuert.

Eigarrepresentantar mottar framleis innkallingar og protokollar direkte frå selskapa, utan at dokumenta blir sendt postmottak. Dette har medført at det er tilfeldig om dokumenta er journalført. For meir informasjon viser vi til kapittel 2.2 og avsnitt over.

Dokument på kommunen si postliste er ikkje tilgjengeleg i fulltekst. Den som ønskjer innsyn må be om dette. Dette gjeld også innkalling og protokoll frå generalforsamling i dei tilfella dokumenta er ført i postjournal.

ARBEIDSGJEVARPOLITIKK, ETISKE RETNINGSLINER OG LØNNSNIVÅ

Kriterium: Sykkylven kommune sikrar at kommunens representantar i generalforsamling i selskapa er pådrivar for at selskapa fører ein ansvarleg arbeidsgjevarpolitikk i tråd med etiske retningslinjer for kommunen, og at lønns- og kostnadsnivået i selskapa er i samsvar med praksis og utvikling i eigen kommune.

Eigarskapsmelding

Eigarskapsmelding 2023 har føresegner om at selskapa fører ein ansvarleg arbeidsgjevarpolitikk i tråd med etiske retningslinjer for kommunen, og at lønns- og kostnadsnivået i selskapa er i samsvar med praksis og utvikling i eigen kommune.

«... Sykkylven kommune [er] oppteken av at det einskilde selskap si verksemd er ansvarleg. Dette inneber å identifisere og handtere risikoen selskapet påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til berekraft og ansvarleg verksemd er ein del av Sykkylven kommune sine forventningar til selskapa, og vil påverke korleis Sykkylven kommune følg opp selskap og eigarposisjonar. Sykkylven kommune forventar at alle selskap legg til grunn kommunen sine føringar knytt til:

- Etiske retningslinjer
- Innkjøpsstrategi
- Openheit og innsyn»

Vedtekter

Vi har henta inn vedtekter for dei tre selskapa. Føresegner om arbeidsgjevarpolitikk, etiske retningslinjer og lønns- og kostnadsnivået er ikkje omtalt.

Årsmelding

Vi har bedt om årsmelding for 2022 og 2023 for dei tre selskapa, og har motteke dette.

Sykkylven Energi Holding AS har i årsmelding informasjon om arbeidsmiljø og likestilling. Konsernet er underlagt openheitslova som har som formål å fremja respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og tenester. Det er opplyst at det er etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer. Dei fleste energiverk i fylket er med i innkjøpsamarbeidet, og det er gjennom stort volum oppnådd gode vilkår.

For Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS har vi motteke orientering til generalforsamling for driftsårene 2021 og 2022. Selskapa hadde få tilsette. Det gis kort informasjon om arbeidsmiljø og likestilling.

Intervju

Dei vi intervjuar og som har møtt i generalforsamling i heileigde aksjeselskap, opplyste at arbeidsgjevarpolitikk og etiske retningslinjer har vore diskutert. Lønnsnivå har ikkje vore tema.

Fastsetting av lønn følgjer normal framgangsmåte i dei heileigde aksjeselskapa: Generalforsamling fastsett honorar til styret, styret fastsett lønn til dagleg leiar og dagleg leiar fastsett lønn til tilsette.

I intervju kom det fram at kommuneleiinga har hatt møte med enkelte selskap om regelverk for offentlege anskaffingar. I forhold til områda vatn og avløp har kommuneleiinga faste møte med Sykkylven Energi Holding AS. Det er møte kvar månad mellom kommuneleiinga og Sykkylven Bustadselskap AS.

Sykkylven Energi Holding AS vart etabler som konsern i 2020. Dette blei gjort for å tilfredsstillere krav til skilje mellom nettverksemd og anna verksemd. Arbeidsvilkår for tilsette var viktig i dette arbeidet. Selskapet har i årsmelding informasjon om arbeidsmiljø og likestilling. Konsernet er underlagt openheitslova som har som formål å fremje respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold ved produksjon av varer og tenester. Det er etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer. Dei fleste energiverk i fylket er med i eit innkjøpssamarbeid. Gjennom kjøp av stort volum oppnår selskapa gode vilkår. Selskapet hadde tidlegare etiske retningsliner som var trykt opp og distribuert til tilsette. Selskapet har i dag ikkje etiske retningsliner. Selskapet er godt kjent med eigarprinsippa som kommunen har nedfelt i eigarskapsmeldinga.

Sykkylven Bustadselskap AS har ikkje styreinstruks, og har ikkje sett behov for dette. Selskapet har ikkje egne etiske retningsliner, kommunen har etiske retningsliner som selskapet er kjende med og kan bruke. Det er få tilsette i selskapet og dei har ikkje ein eigen arbeidsgivarpolitikk, ved behov har dei tilgang til dokument som kommunen brukar. Generalforsamling fastset honorar til styret, styret fastset lønn til dagleg leiar og dagleg leiar fastset lønn til tilsette. Lønnsnivå blir vurdert ved å samanlikne med nivå på tilsvarende stillingar i kommunen.

3.3 VURDERING OG KONKLUSJON

Etter vår vurdering har Sykkylven kommune rutinar som skal sikre god eigarstyring.

Rutinane er gitt i eigarskapsmelding, som er vedtatt av kommunestyret 27. mars 2023. Meldinga legg føringar som gjer at kommunen skal ha ei eigarstyring som er i samsvar med reglar og anbefalingar.

Vi vurderer det slik at det er fleire punkt i meldinga som ikkje er følgt opp enno. Eigarskapsmeldinga er vedteken i mars 2023, og oppfølging av fleire av dei faste oppgåvene i årshjul for eigaroppfølging vil derfor først kunne etterprøvast i 2024.

Etter vår vurdering er ikkje eigarstyringa tilstrekkeleg i samsvar med krav og føringar i eigarskapsmeldinga. Innkallingar og protokollar frå generalforsamlingane var fram til hausten 2023 berre sporadisk journalført. Etter vår vurdering bør Sykkylven kommune sikre at all korrespondanse frå dei tre selskapa blir sendt til postmottak for journalføring.

Utøver Sykkylven kommune sine eigarskap i Sykkylven Energi Holding AS, Aure Omsorgsbustader AS og Sykkylven Bustadselskap AS i tråd med kommunestyrets vedtak og etablerte normer for god eigarstyring?

Etter vår vurdering er eigarstyringa av Sykkylven Energi Holding AS og Sykkylven Bustadselskap AS i stor grad i samsvar med krav og anbefalingar. Kommunen har ei

eigarskapsmelding som gir føringar for utøving av eigarskapet. Kommunestyremedlemmane representerer kommunen i generalforsamling i dei heileigde aksjeselskapa.

Vår kontroll viser at opplæring om eigarskap kan bli betre. Dette gjeld særleg nye medlemmer i kommunestyret som ikkje var med på prosessen fram til eigarskapsmeldinga blei vedtatt i mars 2023. Etter vår vurdering vil god opplæring bidra til å sikre at kommunen sine prinsipp for eigarstyring i større grad blir etterlevd.

4 SAMLA VURDERING OG KONKLUSJON

Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Eigarskapskontroll fokuserer på korleis kommunen utøver eigarstyring. Vidare om den som representerer kommunen sine interesser på generalforsamling, representantskap eller årsmøte, treff avgjerder i samsvar med relevant lovgjeving og elles opptre i tråd med kommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltning av eigarinteressene. Ein viktig føresetnad for at kontrollutvalet kan gjennomføre eigarskapskontroll, er at kommunen har tydeleggjort kva strategiar og målsetjingar kommunen har med eigarskapet. Utgangspunktet for eigarskapskontrollar vil difor gjerne vere å undersøkje føremåla eller føringane kommunen har for eigarskapet. (Kontrollutvalsboka 2022)

Eigarskapskontroll i Sykkylven kommune

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune bestilte eigarskapskontrollen frå Møre og Romsdal Revisjon SA. Plan for prosjektet blei utarbeid av revisjonen og drøfta med utvalet i møte 8.6. og 7.9.2023.

Formålet med prosjektet er å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresse i selskap blir utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det er sett på korleis eigarstyringa er forankra og korleis rutinane for oppfølging av eigarskap er. Prosjektet er delt i ein generell del om eigarstyring, og ein del der vi ser på korleis kommunen følger opp eit utval aksjeselskap der kommunen er eineeigar. Selskapa er Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS. Dei to sistnemnde selskapa blei i oktober 2023 fusjonert i selskapet Sykkylven Bustadselskap AS.

Eigarskapsmelding 2023

Sykkylven kommune vedtok ein eigarskapsmelding i valperioden 2019 til 2023. Kommunen hadde tidlegare ein eigarskapsmelding frå 2013, denne var lite brukt dei siste åra. Etter vår vurdering er eigarstyringa i samsvar med krava i kommunelova. Kommunestyret skal etter planen vedta ny eigarskapsmelding innan 31.12.2024.

Hovudkonklusjon

Etter vår vurdering er eigarstyringa i Sykkylven kommune i stor grad i samsvar med krav og anbefalingar. Mellom anna er det utarbeidd eigarskapsmelding. Sentrale folkevalde er som hovudregel eigarrepresentantar i selskap kommunen eig.

Forbetringspunkt

Vår kontroll viser at Sykkylven kommune har nokre forhold som kan forbe­trast. Opplæring av eigarrepresentantar i aksjeselskap, interkommunale selskap og samvirkeselskap kan bli betre. Dette vil auke sjansen for at kommunen sine prinsipp for eigarstyring blir etterlevd.

Sykkylven kommune bør sikre at:

- prinsippa i eigarskapsmeldinga er kjent hos dei som representerer kommunen i eigarorgan
- kommunikasjon mellom selskap og kommunen blir journalført
- eigardag og fag/ tematiske dialogmøte blir gjennomført i tråd med vedte­ken eigarskapsmelding

5 HØYRING

Vi har sendt utkast til rapporten på høyring til ordførar og eigarrepresentantane i selskap som revisjonen har vore i kontakt med. I tillegg har kommunedirektør motteke høyringsrapporten og hatt moglegheit til å gi uttale.

Ein problemstilling rettar seg mot korleis kommunen følger opp Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS. Leiinga i dei tre selskapa fekk informasjon ved start av prosjektet. Dagleg leiar og styreleiar i dei tre selskapa har motteke høyringsrapporten og hatt moglegheit til å gi uttale.

Sykkylven kommune v/ ordførar og tidlegare ordførar (eigarrepresentant) har gitt skriftleg tilbakemelding om at dei ikkje har kommentarar eller innspel til rapporten. Leiinga i selskapa har gitt tilsvarande tilbakemeldingar.

REFERANSELISTE

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), LOV-2018-06-22-83

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven), LOV-1967-02-10

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon, FOR-2019-06-17-904

Prop. 46 L (2017–2018), lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), 2017-2018

NKRF, RSK 002 Standard for eierskapskontroll, 2020

NKRF, veileder i forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll, 2023

Kommunal- og distriktsdepartementet, kontrollutvalgsboka, 3. utgåve, 2022

KS, Tilrådinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll (folkevalgtprogram 2019-2023)

Sykkylven kommune, eigarskapsmelding 2023, vedtatt av kommunestyret, 2023

Sykkylven kommune, eigarskapsmelding 2013, vedtatt av kommunestyret, 2013

Sykkylven kommune, www.sykkylven.kommune.no

- Postliste
- Saksarkiv
- Politiske saker

Sykkylven Energi Holding AS, www.sykkylven-energi.no

- Vedtekter, 14.6.2021
- Innkalling, saksdokument og protokoll, generalforsamling 2022 og 2023

Sykkylven Bustadselskap AS *

- Vedtekter, sist endra 18.6.2012
- Innkalling, saksdokument og protokoll, generalforsamling 2022 og 2023

Aure Omsorgsbustader AS *

- Vedtekter, sist endra 22.5.1996
- Innkalling, saksdokument og protokoll, generalforsamling 2022 og 2023

*Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS vart fusjonert hausten 2023. Overtakande føretak er Sykkylven Bustadselskap AS. Eigarskapskontrollen vurderer forhold i siste valperiode med særleg fokus på 2022 og 2023. Vi har derfor vald å omtale begge selskapa i rapporten. I forbindelse med fusjon ble det vedtatt nye vedtekter.

VEDLEGG 1: POST OG ARKIV – SAKER OM EIGARSTYRING 2020-2023

Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune

Søkeord: «Eigarskapsmelding» periode «01.01.2020 tom 20.10.2023»

Resultat: Treff på tre dokument knytt til eigarskapsmelding.

- Sak [23/2936 - Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune](#)
(journaldato: 21.06.2023, brevdato 06.03.23)
- [Sak 22/9576 - Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune](#)
(journaldato: 29.12.2022, brevdato 22.08.22)
- [Sak 22/11882 - Eigarskapsmelding- forankring av prosess](#)
(journaldato: 29.12.2022, brevdato 29.09.22)

Plan for eigarskapskontroll

Søkeord: «Plan for eigarskapskontroll» periode «01.01.2020 tom 20.10.2023»

Resultat: Eit treff på plan for eigarskapskontroll.

- Sak [20/16171 - Plan for eigarskapskontroll for Sykkylven kommune](#)
(journaldato: 23.05.2022, brevdato 01.12.20)

Aksjeselskap der Sykkylven kommune er eineigar eller majoritetseigar

Søkeord: «Generalforsamling» periode «01.01.2020 tom 20.10.2023»

Resultat: Treff på 15 dokument knytt til generalforsamling, her under Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure omsorgsbustader.

- [23/18028 - Innkalling til generalforsamling 2022 - Aure omsorgsbustader](#)
Journaldato: 13.09.2023, brevdato:12.09.2023
- [23/13457 - Innkalling til generalforsamling 2022 - Storfjordterminalen AS](#)
Journaldato: 04.09.2023, brevdato: 04.09.2023
- [23/13458 - Innkalling til generalforsamling i Sykkylven Energi Holding AS](#)
Journaldato: 04.09.2023, brevdato: 04.09.2023
- [23/13459 - Innkalling til generalforsamling Sykkylven Bustadselskap AS](#)
Journaldato: 04.09.2023, brevdato: 04.09.2023
- [23/13460 - Innkalling til generalforsamling for Sykkylven Energi Holding AS](#)
Journaldato: 04.09.2023, brevdato: 04.09.2023
- [23/13461 - Innkalling til generalforsamling for Sykkylven Bustadselskap AS](#)
Journaldato: 04.09.2023, brevdato: 04.09.2023
- [23/13462 - Innkalling til generalforsamling for Storfjordterminalen AS](#)
Journaldato: 04.09.2023, brevdato: 04.09.2023
- [23/10295 - Innkalling til generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS 1. september 2023](#)
Journaldato: 18.08.2023, brevdato: 17.08.2023
- [23/8522 - Protokoll frå generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS 16. juni 2023](#)

- Journaldato: 23.06.2023, brevdato: 22.06.2023
- [23/7401 - Tillegg til sak 5 - Godtgjersle for styret - Generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS](#)
Journaldato: 08.06.2023, brevdato: 06.06.2023
 - [23/7187 - Innkalling til Generalforsamling 8. juni kl. 14:00 - Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn, Ålesund AS](#)
Journaldato: 02.06.2023, brevdato: 31.05.2023
 - [23/7011 - Innkalling til Generalforsamling i Hareid Fastlandssamband AS](#)
Journaldato: 31.05.2023, brevdato: 30.05.2023
 - [23/7068 - Innkalling til generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS - 16. juni 2023](#)
Journaldato: 31.05.2023, brevdato: 31.05.2023
 - [23/5925 - Innkalling til generalforsamling i Sykkylven Næringsutvikling AS 10.05. kl. 16.00](#)
Journaldato: 03.05.2023, brevdato: 02.05.2023
 - [22/15821 - Protokoll frå generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS - 9. desember 2022](#)
Journaldato: 29.12.2022, brevdato: 29.12.2022

VEDLEGG 2: KOMMUNESTYRET – SAKER OM EIGARSTYRING 2019-2023

Gjennomgang av saker om eigarskap og styring behandla av kommunestyret

(perioden 30.9.2019 tom 4.8.2023 – søk på www.sykkylven.kommune.no, kommunestyret, sakliste)

Kommunestyret 2019-09-30

- Sak 68/19 - [19/42 - Val av valnemnd for perioden 2019-2023](#), Journaldato: 10.01.20

Kommunestyret 2019-10-21

- Sak 24/19 - [19/861 - Orientering ved Sykkylven energi AS om endring i organisering av selskapet](#), Journaldato: 10.01.20
- Sak 78/19 - [19/701 - Endring av selskapsform for Aure Omsorgsbustader AS til kommunalt føretak \(KF\)](#), Journaldato: 06.01.21

Kommunestyret 2019-11-11

- Sak 84/19 - [19/1808 - Val av medlemmer i utval, råd og representantskap for perioden 2019-2023](#), Journaldato: 06.01.2021
- Sak 86/19 - [19/984 - Innskot av egenkapital i Møre og Romsdal Revisjon IKS](#), Journaldato: 06.01.21
- Sak 87/19 - [19/1862 - Selskapsmessig skilje av Sykkylven Energi AS](#), Journaldato: 06.01.21

Kommunestyret 2019-12-16

- Sak 95/19 - [19/3269 - Ny selskapsavtale Åknes Tafjord beredskap IKS](#), Journaldato: 06.01.20
- Sak 03/19 - [19/3500 - Spørsmål til ordførar om status for Storfjordsambandet](#), Journaldato: 09.12.19

Kommunestyret 2020-02-25

- Sak 01/20 - [20/2136 - Orientering frå miljøsekskapet Årim](#), Journaldato: 17.02.20

- Sak 05/20 - [20/1080 - Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining på Sunnmøre. Nye vedtekter og ny beredskapsplan](#), Journaldato: 06.01.21
- Kommunestyret 2020-05-04
- Ingen saker om selskap eller eigarstyring
- Kommunestyret 2020-06-22
- Sak 36/20 - [20/7395 - Sunnmøre friluftsråd - val av styremedlem og utsending til årsmøte](#), Journaldato: 06.01.21
- Kommunestyret 2020-09-28
- Sak 47/20 - [20/9030 - Oppretting av Sykkylven omsorgsbustader KF](#), Journaldato: 06.01.21
 - Sak 65/20 - [20/11865 - Vertskommuneavtale om felles NAV-kontor Sykkylven/Stranda](#), Journaldato: 06.01.21
 - Sak 70/20 - [20/12657 - Ny samarbeidsavtale for Sunnmøre Friluftsråd \(KO\)](#), Journaldato: 06.01.21
 - Sak 73/20 - [20/11681 - Framlegg til ny selskapsavtale for Årim IKS](#), Journaldato: 06.01.21
- Kommunestyret 2020-11-02
- Sak 80/20 - [20/14349 - Løyving til Storfjordsambandet AS](#), Journaldato: 22.10.20
- Kommunestyret 2020-12-14
- Sak 90/20 - [20/16171 - Plan for eigarskapskontroll for Sykkylven kommune](#), Journaldato: 23.05.22
- Kommunestyret 2021-02-15
- Sak 02/21 - [20/17224 - Svar vedkomande kommunal garanti](#), Journaldato: 23.05.22
- Kommunestyret 2021-03-15
- Sak 22/21 - [21/3540 - Stifting av Sykkylven omsorgsbustader KF](#), Journaldato: 21.03.22
- Kommunestyret 2021-04-19
- Ingen saker om selskap eller eigarstyring
- Kommunestyret 2021-06-21
- Sak 37/21 - [21/7629 - Organisering av avfallsområdet. Intensjonsavtale](#), Journaldato: 24.05.22
 - Sak 48/21 - [21/8554 - Overtaking av aksjer og nedlegging av Sykkylven Legetjeneste AS](#), Journaldato: 24.05.22
- Kommunestyret 2021-09-27
- Ingen saker om selskap eller eigarstyring
- Kommunestyret 2021-10-11
- Ingen saker om selskap eller eigarstyring
- Kommunestyret 2021-11-08
- Sak 76/21 - [21/13879 - Selskapsavtalen SKS IKS - endring](#), Journaldato: 06.01.22
 - Sak 77/21 - [21/13847 - Val av selskapsmodell for eit samla miljøselkap - Bingsa, ÅRIM](#), Journaldato: 06.01.22
- Kommunestyret 2021-12-13
- Sak 89/21 - [21/15842 - Nytt miljøselkap \(Årim - Bingsa \) - aksjonæravtale og vedtekter](#), Journaldato: 24.05.22
- Kommunestyret 2022-02-14
- Ingen saker om selskap eller eigarstyring
- Kommunestyret 2022-04-04

- Sak 21/22 - [22/3663 - Garanti ansvar - ÅRIM IKS - nytt selskap](#),
Journaldato: 29.06.22
- Sak 22/22 - [22/3440 - Løyving til Storfjordsambandet 2022](#), Journaldato: 30.06.22
- Sak 23/22 - [22/3453 - Tillegg i eksisterande avtale Åknes/Tafjord Beredskap IKS](#),
Journaldato: 30.06.22
- Sak 24/22 - [22/3621 - Ny selskapsavtale Sunnmøre Regionråd IKS](#),
Journaldato: 29.06.22

Kommunestyret 2022-05-23

- Sak 15/22 - [22/6356 - Orientering om Storfjordsambandet](#), Journaldato: 18.05.22

Kommunestyret 2022-06-20

- Sak 17/22 - [22/7414 - Orientering ved Sykkylven Næringsutvikling - SNU](#),
Journaldato: 13.06.22

Kommunestyret 2022-09-12

- Sak 26/22 - [22/10786 - Orientering frå SNU v. styreleiar og dagleg leiar](#),
Journaldato: 05.09.22

Kommunestyret 2022-09-15

- Ingen saker om selskap eller eigarstyring

Kommunestyret 2022-10-17

- Sak 69/22 - [22/12292 - Kommunal garanti - Sykkylven Friluftssenter SA](#),
Journaldato: 02.01.23

Kommunestyret 2022-11-07

- Sak 76/22 - [22/12959 - Storfjordsambandet AS- Konseptutvalsfase](#),
Journaldato: 02.01.23

Kommunestyret 2022-11-16

- Ingen saker om selskap eller eigarstyring

Kommunestyret 2022-12-16

- Sak 92/22 - [22/15209 - Sykkylven Bustadselskap AS - tilføring av kapital](#),
Journaldato: 29.12.22

Kommunestyret 2023-02-13

- Ingen saker om selskap eller eigarstyring

Kommunestyret 2023-03-27

- Sak 17/23 - [23/2936 - Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune](#),
Journaldato: 21.06.23

Kommunestyret 2023-05-15

- Sak 16/23 - [23/5661 - Sunnmøre friluftsråd - Møtebok 2023, årsrapport 2022 og handlingsplan 2023-2025](#), Journaldato: 27.04.23
- Sak 35/23 - [23/5389 - Retningslinjer for valnemnda sitt arbeid med oppnemning av styrerepresentantar til kommunalt eigde selskap](#), Journaldato: 21.06.23

Kommunestyret 2023-06-19

- Sak 44/23 - [23/6902 - Sykkylven Bustadselskap AS - vurderingar om endra garanti / lån](#), Journaldato: 21.06.23
- Sak 46/23 - [23/6828 - Avtale for vertskommunesamarbeid - interkommunale legetenester](#), Journaldato: 21.06.23
- Sak 48/23 - [23/6018 - Avtale om interkommunalt samarbeid - krisesenter for Sunnmøre](#), Journaldato: 21.06.23

Kommunestyret 2023-08-28

- Sak 58/23 - [23/9044 - Endring i selskapsavtale SunnmøreRegionråd IKS- som følge av kommunedeling](#), Journaldato: 03.07.23

Kommunestyret 2023-10-02

- Sak 71/23 - [23/20699 - Val av valnemnd for perioden 2023 - 2027](#), Journaldato: 18.09.23

VEDLEGG 3: VEDTEKTER FOR AKSJESELSKAP SOM KOMMUNEN EIG

Gjeldande eigarskapsmelding ble vedteke av kommunestyret 27.3.2023 i sak 17/2023. Vedlagt saksutgreiinga følgde vedtekter for aktuelle aksjeselskap.

Sykkylven Energi Holding AS

- Vedtekter datert 14.6.2021

Aure Omsorgsbustader AS

- Vedtekter vedtekne på stiftingsmøte 7.12.1994 og korrigert på generalforsamling 22.5.1996.

Generalforsamling i Aure Omsorgsbustader AS hadde i møte 12.6.2023 sak om fusjon mellom selskapet og Sykkylven Bustadselskap AS. Vedlagt var utkast til vedtekter for eventuelt fusjonert selskap.

Sykkylven Bustadselskap AS

- Vedtekter datert 18.6.2012 og sist endra 18.6.2012

Generalforsamling i Sykkylven Bustadselskap AS hadde i møte 12.6.2023 sak om fusjon mellom selskapet og Aure Omsorgsbustader. Vedlagt var utkast til vedtekter for eventuelt fusjonert selskap.

Sykkylven Næringsutvikling AS

- Vedtekter vedtatt i generalforsamling 12.10.1989 og sist endra i ekstraordinær generalforsamling 10.12.2020

Storfjordsambandet AS

- Vedtekter datert 28.6.2022

Storfjordterminalen AS

- Vedtekter datert 18.10.2012

VEDLEGG 4: KRITERIUM FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023

I denne eigarskapskontrollen har vi nytta kriterium frå:

- Kommuneleva § 26-1
- KS Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll. Folkevalgprogram 2019-2023.
- Sykkylven kommune, eigarskapsmelding, vedtatt 27.3.2023 i sak 17/2023

Kommuneleva § 26-1 eierskapsmelding

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

- a. kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring
- b. en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
- c. kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.

KS sine anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll

1. Velge selskapsform ut fra formål og behov
2. Skille mellom skjermet virksomhet og virksomhet i konkurranse med private
3. Sørge for god kunnskap til folkevalgte om eierskap
4. Utarbeide en årlig eierskapsmelding eller rapport om selskapene for kommunestyret eller fylkestinget
5. Revidere styringsdokumenter og avtaler jevnlig
6. Holde jevnlig eiermøter
7. Som hovedregel bør sentrale folkevalgte oppnevnes som representanter i eierorganet
8. Sørge for bestemmelser om innkallingsfrist til generalforsamlinger og representantskapsmøter
9. Sørge for god sammensetning og kompetanse i styret
10. Vedtektsfeste bruk av valgkomité ved styreutnevnelser
11. Sørge for balansert kjønnsrepresentasjon i styrene
12. Lage rutiner for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyrene
13. Som hovedregel bør styremedlemmer i morselskapet ikke sitte i styrene i datterselskaper
14. Oppnevne numeriske vararepresentanter
15. Etablere rutiner for vurdering og håndtering av habilitet
16. Foreta en prinsipiell avklaring av godtgjøring for styreverv
17. Registrere styreverv i KS styrevervregister
18. Sørge for at selskapene melder seg inn i en arbeidsgiverorganisasjon

19. Sørge for at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften
20. Avklare forholdet mellom kommunedirektøren og daglig leder av foretaket ved opprettelse av kommunale eller fylkeskommunale foretak
21. Sørge for at kontrollutvalget sikres gode nok rammebetingelser til å utøve sin funksjon på en god måte

Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune

Kommunestyret i Sykkylven kommune vedtok 27.3.2023 i sak 17/2023 eigarskapsmelding.

I del 1 gis overordna mål for eigarskap og overordna prinsipp for eigarstyring. Sentrale mål og prinsipp er:

- Overordna mål for eigarskap:
Sykkylven kommune skal vere ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdiar skal forvaltast på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Sykkylven kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid, eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte.
- Overordna prinsipp for eigarstyring:
Sykkylven kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si basert på prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll, og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga. Sykkylven kommune har definert nokre overordna prinsipp for eigarstyring. Målet er at prinsippa skal bidra til føreseielege overordna rammer, rolleavklaring og ansvar.

Prinsippa er som følger:

1. Kommunestyret er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
2. Ordførar, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde selskap.
3. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
4. Den kommunale valnemnda skal foreslå styremedlemmar til alle selskap der kommunen har styrerepresentasjon, dersom anna ikkje er vedtektsfesta.
5. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.
6. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
7. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden.

Selskap der Sykkylven kommune ikkje er eineieigar:

Sykkylven kommune har interesser i fleire selskap som vi eig saman med andre. Det er ønskeleg at dei aktuelle prinsippa ovanfor også vert praktisert i og ovanfor desse selskapa. Sykkylven kommune som deleigar i selskap ønskjer ein systematisk dialog, også med desse selskapa. Dette for å kunne sikre ei samla god eigarstyring uavhengig av eigardel

I del 3 blir det gitt føresegner om roller, ansvar og årshjul for eigarstyring:

- I kapittel om roller og ansvar vert det gjort greie for oppgåver lagt til:
 - kommunestyret
 - styret i selskap
 - ordførar
 - kommunedirektør
 - kontrollutvalet
- I kapittelet om årshjulet kjem det fram kva som er dei faste møteplassane for dialog og informasjon. I tillegg til dette, ønskjer kommunen å halde ein open dialog med rom for kontakt og møter ved behov.

Kontaktpunkt i kommunen

- Politisk kontakt: ordførar
- Administrativ kontakt: kommunedirektør eller den han peikar på

All kommunikasjon mellom selskap og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)

Første året i valperioden skal eigarskapsmeldinga rullerast. Dette betyr at selskapa kvart fjerde år vert involvert i ein dialogprosess kring denne.

Sykkylven kommune er ikkje eineigar i alle selskap. Sykkylven kommune sine representantar i styre og fora i deleigde selskap skal formidle Sykkylven kommune sine prinsipp, rutinar og rolleforståing slik dei kjem fram i eigarskapsmeldinga. Målet med dette er at Sykkylven kommune kan utøve ein samla god eigarskapspolitikk ovanfor alle selskap, også dei deleigde.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.